

Vilde Nilsen
Grømheia 70
4877 GRIMSTAD

Dato: 16.12.2016
Vår ref.: 2015/6388-78
Saksbehandlar: elsaaro1
Dykkar ref.:

Søknad om mastergradstipend- prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse- avslag på midlar

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til ovannemnde stipendordning for 2016.

Vi må diverre melde avslag på søknaden om økonomisk støtte. Grunngevinga er at skildringa av masteroppgåve ikkje er i tråd med innretninga av ordninga slik den er skissert i utlysingstekst for stipendordninga.

Etter utlysingstekst skal oppgåva ha god relevans for prosjektkommunane i nærmiljøprosjektet, og knytast opp mot aktuelle prosjekt i kommunane. Etter innmeldt skisse til prosjektplan er det eit mål å undersøkje folkehelse si rolle i reguleringsplanar og utbyggingsprosjekt. Ingen av prosjekta i nærmiljøprosjektet omhandlar denne tematikken.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til;

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga,
Postboks 7900, 5020 Bergen
Eller på e-post til Regional@hfk.no

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga på, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer dykk lukke til vidare!

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er;
Else-Marie Brobakke Aarø
E-post: Else-Marie.Aaro@hfk.no
Telefon: 55378029

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.